



DAGEN
03.09.20

Nummer 204 | årgang 102 | www.dagen.no

TORSDAGENS ORD

2 Krøn 1,10b

Gi meg nå visdom og forstand så jeg kan være fører
og leder for dette folket.

Foto: Anine Vieth Mildestvedt



Inspirert av kvinneleg helgen

● Fire ungdomspilegrimar er på veg langs kysten med Sunniva-skrinet fra klosterøya Selja i Nordfjord.

16-17

Foto: Human-Etisk Forbund



**Human-
etikerne
med nye
tilbud:
- Vi lærer
av kirken**

6-7

Foto: Bjørn Olav Hammerstad



**Nok en Hillsong-
pastor sier opp**

8

**NEW
FAITH
NETWORK**

Historier om tro, håp og kjærlighet.

**Det største tilbudet av
kristne filmer og serier**

newfaithnetwork.no



kr 79
PR. MÅNED



PERSPEKTIV

Har du tips, innspill
eller kommentarer?
redaksjonen@dagen.no

FESTIVAL: Fire jenter er på oppdagingsferd langs kysten. Undervegs vert dei kjende med forskjellige kristne trustradisjonar og historia om Noregs einaste kvinnelege helgen.

✂ Tore Hjalmar Sævik ✉ tore.hjalmar.saevik@dagen.no 📱 toresaevik

Siglar i kjølvatnet til Sunniva

Dei fire ungdomspilegrimane følgjer Sunniva-skrinet frå klosteroya Selja i Nordfjord til Bergen. Reisa starta sist fredag og skal vare til komande laurdag.

På vegen har dei opplevd mykje spennande.

– Det mest spesielle var kanskje velkomsten vi fekk på Askvoll, med prest, ordførar, konfirmentar og kor. Til saman var det mange som kom for å ta bilete og hjelpe til med å bere Sunniva-skrinet, fortel Victoria Lid frå Os. Ho er ortodoks kristen.

SPENNANDE MØTE

Elisabet Osdal frå Selje er lutheranar. Det same er Dina Øien frå Florø.

– Det mest spennande er alle dei nye folkane vi møter, seier Elisabeth.

Sunniva Aadland Høen, som er katolikkk, framhevar at det har vore lærerikt å få samtale om likskapar og skilnader mellom dei kristne tradisjonane jentene tilhøyrer.

– Eg har lagt merke til at dei ortodokse har faste morgonbøner, som vi ikkje er så vane med, seier Dina.

Det er utforma eit felles bonehefte som dei brukar saman på turen.

– Vi har vore med på fleire protestantiske gudstenester, og eg merkar at det er ein god del skilnader. Men felles er det jo at vi trur på den treeinige Gud, seier Victoria.

GAMLE SKUTER

Den 7. september er det 850 år sidan levningane av den irskefødde helgenen St. Sunniva blei

SUNNIVA-FESTIVALEN

Fakta

Frå 28. august til 5. september vert det seglas med historiske farkostar langs Kystpilegrimsleia.

Stoppestadene er Selja, Kalvåg, Kinn, Svanøy, Askvoll, Korssund, Hyllestad, Eivindvik, Kilstraumen, Lygra, Hamre og Bergen.

Følg ferda på: www.sunnivaseglas.no

Festivalen vert arrangert i samarbeid med Universitetsmuséet og Mellomalderklynga ved UiB, Den Kgl. Norske ambassade i Irland, Bergen domkyrkje menighet, Bergen Domkor, Bergen kommune, Stad kommune, Stad regionale pilegrimssenter, Bymuseet i Bergen/ Museum Vest, Bergen regionale pilegrimssenter, kystkultur.no, Bergen kystkultursenter. Sunniva-festivalen er støtta av Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, Trondheim kommune, H. Westfal-Larsen og hustru Anna Westfal-Larsens Allmennyttige fond, Bergen Riksmålsforenings Fond og Bergen kirkelige fellesråd

overført frå Selja til Bergen. Dette blir markert med ein Sunniva-festival 4. - 8. september med alt frå sporløp til konsertar, føredrag og seminar.

Legenda om Sunniva har sett tydelege spor etter seg, og Sunniva-festivalen er difor ein del av Bergen by sitt 950 års-jubileum, opplyser Bjørgvin bispedøme i ei pressemelding.

Gamle skuter fører Sunnivaskrinet frå Selja til Bergen.

Gründarar for opplegget er Ragna Sofie Grung Moe i Bjørg-

vin bispedømmeråd og Kjell Magnus Økland i kystnorge.no.

– EKSTREMT KOSELEG

– Korleis har det vore å bli kjende med kvarandre?

– Det har vore ekstremt koseleg. Vi lever så tett på kvarandre at vi er blitt godt kjende sjølv om vi ikkje har vore i lag så lenge, seier Sunniva.

Sjølv om dei snakkar mykje om trusspørsmål, vert det også litt anna.

– Vi snakkar jo om gutar og andre ting som tenåringsjenter er opptekne av, vedgår Victoria Lid med ein liten latter.

HOTELLFRUKOST

– Kvifor synest de Sunniva er interessant?

– Ho var veldig modig og sterk. Ho heldt seg til Gud og til løfta og verdiane sine. Og ho er jo blitt den einaste kvinnelege helgenen frå Noreg, seier Sunniva Aadland Høen.

Planen er at dei skal sigle inn på hamna i Bergen laurdag ettermiddag.

– Eg gler meg til å sjå alle menneske som skal vere der, seier Dina.

Dei skal overnatte på hotell i byen.

– Eg gler meg til hotellfrukosten, seier Dina med eit smil.

OPNAR PILEGRIMSSENTER

For Sunniva Aadland Høen blir det eit gjensyn med kjende trakter.

– Eg kjem eigentleg frå Bergen, men bur i Oslo. Eg gler meg til å kome til kyrkjelyden der eg vaks opp, seier ho.

Etter at dei er komne i land, blir det det opning av Bergen regionale pilegrimssenter på Kristkyrkjetomta ved ordførar Marte Mjøs Persen.

ASKVOLL: Øykommunen

Askvoll i Sunnfjord var ei ein av stadene jentene stoppa på Sunniva-seglasen.

Foto: Anine Vieth Mildstedt



● **Ho var veldig modig og sterk. Ho heldt seg til Gud og til løfta og verdiane sine.**

Sunniva Aadland Høen



GODE VENER: På kort tid er tenåringsjentene (f.v.) Elisabet Osdal, Dina Øien, Sunniva Aadland Høen og Victoria Lid vorte godt kjende.

Foto: Anine Vieth Mildestvedt



PROSESJON: Jentene fekk overlevert ein steinkross frå Hyllestad steinsenter som dei skal ta med seg vidare til Bergen. Sunniva Aadland Høen ber han medan dei går i prosesjon.

Foto: Anine Vieth Mildestvedt



MANGE STOPPESTADER: I over ei veke skal jentene segle langs kysten og vitje mange kyrkjer.

Foto: Anine Vieth Mildestvedt



STEINKROSS: I Korssund i Fjaler stoppa Sunniva-seglasen ved den største og finaste steinkrossen på Vestlandet, som også har gitt namn til staden.

Foto: Anine Vieth Mildestvedt